



Administrativ sak

Vår referanse: 2023/241022-12

Saksbehandler: Amalie Hilde

Dato: 17. april 2024

Oppstart av planarbeid - Laksevåg, Fv5208/Kjøkkelvikveien, gang og sykkelvei, Reguleringsplan


Kva saka gjeld:

Vestland Fylkeskommune ønsker å detaljregulere fylkesveg 5208, Kjøkkelvikvegen, frå Sotravegen til sjøområdet ved Fæsterhuset (ca. 2 km.) for å legge til rette for gang- og sykkelveg.

Kjøkkelvikvegen er ein del av det vedtekne sykkelnettet i Sykkelstrategi for Bergen (2020-2030) og er ein del av Miljøloftets prosjektportefølje.

Dagens tilbud for mjuke trafikantar er ikkje tilfredsstillande, med varierende bredde på fortau, fleire sideskift og manglande tilgjenge. Den nordlege halvdelen av vegen manglar fortau, og området er tett utbygd med høg trafikk. I tillegg er det ein stor del barn og unge som ferdast til og frå Kjøkkelvik barne- og ungdomskule og fritidsaktivitetar.

I tillegg til gange- og sykkelløysing skal det leggst til rette for vassleidning som skal forsyne delar av Askøy med drikkevatt. Dette er tiltak som i seg sjølv ikkje utløyser krav til reguleringsplan, men ein ønskjer å samkøyre bygginga av tiltaka for å minimere ulempene for nørørådet.



Figur 1 - forslag til planavgrensing

Aktuelle tema i planlegginga er forventta å vere born og unge sine interesser, arealknappleik, kulturminne og dimensjonering av samferdsleanlegg.

Fagetatens vurdering og anbefaling:

Plan- og bygningseaten tilrår oppstart av reguleringsplanarbeid. PBE tilrår følgande vedtak:

I medhald av plan- og bygningslovens §§ 12-3 og 12-8 startast det opp reguleringsplanarbeid for Laksevåg, gnr. 143 bnr. 211 m.fl. fv 5208 Kjøkkelvikveien, gang og sykkelvei.

Kommunaldirektøren sin vurdering og konklusjon:

Kommunaldirektøren vurderer at planarbeidet vil bidra til eit tryggare og meir attraktivt tilbud til aktive trafikantar. Planlegginga er i tråd med overordna planar og føringar, og vil bidra til kommunen sine mål om at fleire skal gå og sykle.

Strekninga er skuleveg for mange barn. Fylkesvegen er trafikkert og har mykje tungtrafikk, og innbyggjarar i området uroar seg over tryggleiken til barn og unge som bruker vegen til

skule og aktivitetar. Det vidare arbeidet må legge til rette for trafikksikre løysingar og trygge kryssingspunkt, slik at fleire barn kan gå og sykle trygt til skulen og andre målpunkt på begge sider av Kjøkkelvikvegen.

Prosjektet er ein del av sykkelnettet i sykkelstrategien og ligg inne med midlar i Miljøloftets handlingsprogram for 2024-2027. Kommunaldirektøren er derfor opptatt av god framdrift i planarbeidet.

Vedtakskompetanse:

I tråd med sak om delegasjon av fullmakter frå kommunaldirektør for klima, miljø og byutvikling til direktør for Plan- og bygningsetaten 7.12.2022, treffer Kommunaldirektøren sjølv avgjerd om oppstart av offentleg detaljregulering jf. plan- og bygningsloven §§ 12-8 og 12-10.

Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslovens §§ 12-3 og 12-8 startast det opp reguleringsplanarbeid for Laksevåg, gnr. 143 bnr. 211 m.fl. fv 5208 Kjøkkelvikveien, gang og sykkelveg.

May Britt Hernes – Kommunaldirektør

Amalie Hilde – saksbehandlar

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Vedlegg:

1. Fagnotat - Laksevåg, Gnr. 143, Bnr. 211 m. fl., Fv5208/Kjøkkelvikveien, gang og sykkelvei, Reguleringsplan
2. Varslingsgrense_23.01.2024
3. Analyseområde
4. Forprosjekt_StatensVegvesen_13.10.2014
5. Fv 5208 Stedsanalyse01
6. Skisse_Planinitiativ, komprimert
7. Vedlegg - Vurdering av KU
8. Kjøkkelvik_informasjon om vassleidning_ Bergen Vann_17.11.2023
9. Bergensledning_Askøy kommune_01.07.2021
10. Planinitiativ_05.02.2024